



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunenesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene komme er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Sjukepleiar - 100% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Vi ser etter ein sjukepleiar som trivst i eit hektisk miljø, og er open for nye utfordringar. Vi forventar at du har gode faglege kunnskapar, har pasienten i fokus, har interesse for heimesjukepleie og dessutan evne til å arbeide sjølvstendig og i team. Vi ynskjer deg som har godt humør, gode samarbeidsevner og som kan bidra til eit godt arbeidsmiljø.

Stillinga har arbeid 3.kvar helg. Dag og kveldsvakter. I dag er vaktene knytt mot heimetenestekontoret på Vikebø.

### Kvalifikasjonskrav

Norsk autorisasjon som sjukepleiar.

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.  
God pensjonsordning.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 07.04.2019

Utlyst dato 20.03.2019

Vårref

138/19

### Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimeteneste, tlf: 56171210, mobil: 99497611, britt.romarheim@meland.kommune.no